

INNSYN

Samling for arkivmedarbeidarar i Rogaland

Bryne 27.september 2011
v/advokat Morten Solvik



Kvifor rett til innsyn?

- Kan ikkje forvaltninga få "klare seg sjølv"?
- Ressurskrevjande å "stå på pinne" for dei som vil sjå dokumenta.
- For ikkje å snakke om kopieringa!
- Kva har andre med kva me gjer? Kva vil dei oppnå – kverulantane!
- Kva er bra med eit samfunn utan rett til innsyn i forvaltninga sine gjeremål?



Lovreglar om innsyn og offentleg forvaltning

- Grunnlova § 100, femte ledd:
"Enhver har Ret til Indsyn i Statens og Kommunernes Akter og til at følge Forhandlingerne i Retsmøder og folkevalgte Organer"
- Offentleglova
- Forvaltningslova
- Kommunelova



Offentleglova vs forvaltningslova

- Offentleglova gjeld for "alle"
- Forvaltningslova gjeld "partsinnsyn"
- Det er berre "partar" slik dei er definerte i fvl § 2 som kan få innsyn etter forvaltningslova. Andre må få innsyn etter offl. Det er ikkje nok å kalle seg "part" – må følgje definisjonen.



Føremålet med offentleglova

- **§ 1. Formål**

- Formålet med lova er å **leggje til rette for at offentleg verksemd er open og gjennomsiktig**, for slik å **styrkje informasjons- og ytringsfridommen**, den **demokratiske deltakinga**, **rettstryggleiken for den enkelte**, **tilliten til det offentlege** og **kontrollen frå ålmenta**. Lova skal òg leggje til rette for vidarebruk av offentleg informasjon.



Hovudregelen om innsyn


- Offentleglova §3

”Saksdokument, journalar og liknande register for organet er opne for innsyn dersom ikkje anna følgjer av lov eller forskrift med heimel i lov. Alle kan krevje innsyn i saksdokument, journalar og liknande register til organet hos vedkommande organ”



Hovudregelen om innsyn (forts)

- "Alle" kan krevje innsyn
- Alle dokument, journalar og liknande register er opne for innsyn – med unnatak.
- Treng ikkje grunn for å krevje innsyn.
- Kan krevje anonymt, men må ha ein plass å sende dok dersom ein ikkje møter sjølv.
- Må vere dokument "for organet".



Unnatak frå hovudregelen

- Ei lang rekkje dokument/ sakstyper er nemnde i §§ 17 – 26
 - "kan" føresegner; det vil seie – ikkje absolutt forbod.
 - § 17; dokument som gjeld Det Kongelege Hoff
 - § 18; rettssaksdokument
 - § 19; dokument som blir utveksla under konsultasjonar med Sametinget mm.
 - § 20; omsyn til utanrikspolitiske interesser
 - § 21; forsvars- og tryggingssaker
 - § 22; visse budsjettsaker
 - § 23; av omsyn til det offentlege sin forhandlingsposisjon
 - § 24; unntak for kontroll- og reguleringstiltak
 - § 25; tilsetjingssaker
 - § 26; eksamenssvar og karakterar



Unnatak – "organinterne dokument"

- Offentleglova § 14, jf § 16
- Gjeld dokument utarbeidd for "eiga interne saksførebuing"
- Kva er eit "organ"?
- Særlege reglar for kommunar.



Organinterne dokument

- **Offentleglova § 14 – organinterne dokument.**
- - Dokument utarbeid for "**eiga interne saksførebuing**"
- Unntak frå unntaket:
 - "Første ledd gjeld ikkje:
 - a) dokument eller del av dokument som inneheld **den endelege avgjerda** til organet i ei sak,
 - b) **generelle retningslinjer** for saksbehandlinga til organet, c) føredrag til saker som er avgjorde av Kongen i statsråd, og
 - d) **presedenskort og liknande**, men ikkje dersom kortet gjengir organinterne vurderingar. "



Unntak frå hovudregelen

- **Offentleglova § 16 - Innsyn i interne dokument hos kommunane og fylkeskommunane**
- - Eigne unntak for kommunane
- Unntaka i §§ 14 og 15 gjeld ikkje:
- a) **saksframlegg med vedlegg** til eit kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalt organ,
- b) **sakliste til møte i folkevalde organ** i kommunar og fylkeskommunar,
- c) dokument frå eller til kommunale og fylkeskommunale kontrollutval, revisjonsorgan og klagenemnder, og
- d) dokument i saker der ei kommunal eller fylkeskommunal eining opptrer som **ekstern part** i høve til ei anna slik eining.
- § 14 gjeld likevel for dokument som blir utveksla mellom kommunale og fylkeskommunale kontrollutval og sekretariatet til utvalet.
- Unntaket i § 14 gjeld ikkje for dokument frå eller til eit kommunalt eller fylkeskommunalt særlovsorgan eller eit kommunalt eller fylkeskommunalt føretak etter kommuneloven kapittel 11.
- Unntaket i § 14 gjeld heller ikkje for dokument frå eller til ei kommunal eller fylkeskommunal eining på område der einingane har **sjølvstendig avgjerdsrett.....**



Unnatak - teieplikt

- Det er ikkje lov til å gje ut opplysningar me har teieplikt om, jf offl § 13.
- Kva har me teieplikt om? – Fvl §§ 13 flg.
 - "personlige forhold"
 - "forretningshemmeligheter"
- "Opplysningar" vs "dokument"
 - Jf likevel offl. § 12



Meirinnsyn

- Offl § 11
- Gjeld ikkje teieplikt
- **Plikt** til å vurdere meirinnsyn
- Bør gi innsyn dersom **omsynet til offentleg innsyn** (jf § 1 – formål) veg tyngre enn **behovet** for unntak.
 - Kan setje krav til grunngjevinga for behovet.



Partsinnsyn

§ 18. (partenes adgang til å gjøre seg kjent med sakens dokumenter).

En part har rett til å gjøre seg kjent med sakens dokumenter, for så vidt ikke annet følger av reglene i §§ 18 til 19. Dersom en mindreårig er part i saken og blir representert av verge, gjelder dette også den mindreårige selv. Retten til innsyn gjelder også etter at det er truffet vedtak i saken. En mindreårig under 15 år skal ikke gjøres kjent med opplysninger som er underlagt lovbestemt taushetsplikt.

Når det er adgang til å gjøre unntak fra innsyn, skal forvaltningsorganet likevel vurdere å gi helt eller delvis innsyn. Innsyn bør gis dersom hensynet til parten veier tyngre enn behovet for unntak.

